	<b>UTKAST Prosjektplan</b>		
	<b>Kartlegging og verdisetting av friluftsområder i Ulvik herad</b>		
Dokumenttype: Prosjektplan	Godkjend av:	Gjeld frå: 15.2.2017	Tal sider: 3
Utarbeidd av: Natalia A. Golis	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:

## Kartlegging og verdisetting av friluftsområder i Ulvik herad.

### 1. Mål og rammer

#### 1.1 Bakgrunn

Friluftsliv vert definert som opphald og aktivitetar i friluft i fritida med sikte på miljøendring og Naturopplevingar.

Friluftslivet er eit satsingsområde både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er eit stadig press på ubygd areal i kommunar. Mykje areal vert nytta i fritida som friluftareal. Det er både snarvegen til skulen gjennom skogen, badeplassen i vika, bærplukkar stader, skisporet på jordet mm. Å få kartlagd desse lokale områda er omfattande, då det er veldig mange av dei. Innbyggjarane i Ulvik nyttar både dei regionale og lokale områda i stor grad og det er sentralt å få kartlagd områda som representerer det lokale.

Plan- og bygningslova § 20-1, set krav om utarbeiding av kommuneplan. ”Kommunen skal utføre en løypande kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor sine områder”.

Sett i samanheng med Ulvik herads sitt satsing på verdiane av og godkjenninga som ei Cittaslow kommune, er det særskilt viktig å ta vare på dei grønne verdiane, samt å knyta dei sentrumsnære områda saman med naturområda utanfor.

I «Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Ulvik» (2000) står det at felles for alle typar av friluftsinteresser synes å vera at friluftsområda vert sikra også for etterkomarane våre. Dette inneber at område der det er fri ferdsle i naturen, ikkje vert nedbygd, “privatisert” eller at det vert sett i verk tiltak som redusera rekreasjonsverdiar og naturopplevingar. I kommuneplanen sin arealdel vert friluftsområda lagt ut som kombinert landbruk/natur og friluftsområde. Det meste av Ulvik herad sitt areal er lagt ut til dette føremålet. Å sikra at ålmenta får tilgang til fjorden/strandsoner/ grønelungar må bli nedfelt i detaljplanar og tilrettelegging.

Kartlegging i form av til dømes barnetråkk er eit viktig virkemiddel for Cittaslow bygda Ulvik og eit døme på eit ynskja prosjekt som resultat av innbyggjarundersøkinga i 2016.

Dette er viktig for alle grupper og ikkje minst for skulen som skal ha 1 time fysisk aktivitet kvar dag. Eigenorganisert aktivitet i form av friluftsliv er nok ein mykje større aktivitet enn det folk flest trur, men sidan det ikkje er ein einsarta gruppe/organisasjon er dei vanskelege å måla.


Vidare skal ein leggja til rette for sunne aktivitets val, noko som prosjektet absolutt gjer og belysa. Å få verna kulturmiljø og friluftsområde er viktig både for psykisk og fysisk helse. Det er og krav om arealfortetting i kommuneplanen. Å ta vare på dei grønne lungene som er att vert i så måte endå viktigare.

#### 1.2 Mål

Utarbeide ein oversikt over og verdsette lokale friluftsområde i Ulvik herad.

#### 1.3 Rammer

Prosjektet skal vere gjennomført i løpet av våren 2018. Prosjektgruppa er ei arbeidsgruppe. Det vil vere ei intern arbeidsgruppe samansett frå administrasjon og sentrale samarbeidspartnarar, medan

	<b>UTKAST Prosjektplan</b>		
	<b>Kartlegging og verdisetting av friluftsområder i Ulvik herad</b>		
Dokumenttype: Prosjektplan	Godkjend av:	Gjeld frå: 15.2.2017	Tal sider: 3
Utarbeidd av: Natalia A. Golis	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:

ein skal leige inn ekstern bistand frå Bergen og Omland Friluftsråd til metodeutvikling og til digitalisering.

## 2. Omfang og avgrensing

### 2.1 Oppgåver

1. Kva friluftsområde vil me sjå på (avgrensing?)
2. Kva er alt kartlagd frå før?
3. Område gjennom dei ulike årstidene
4. Sikring/ behov for framtidig sikring
5. Metode

### 2.2 Avgrensing

Stryringsgruppa vil i samarbeid med arbeidsgruppa og BOF avgrensa kva ein skal registrera og kva metode me skal nytta.

## 3. Organisering

### 3.1 Ansvar

**Prosjekteigar:** Ulvik herad

**Prosjektansvarleg:** Stryringsgruppa for prosjektet er Planansvarlig, folkehelseansvarlig, rådmann og bygde og næringsutviklar.

**Prosjektarbeidar:** Arbeidsgruppa med bistand frå BOF og i samarbeid med Granvin

**Arbeidsgruppa:** Bygde- og næringsutviklar, skogbruksjef og eksterne samarbeidspartnarar.

### 3.2 Samarbeidspartnare

Granvin herad

Ulvik Sogelag

Bondelaget

Ulvik Turlag

Brakanes skule

Ulvik Barnehage

Ulvik Bygdekvinnelag

Ulvik Idrottslag

Velforeiningar/ Lokale grendelag

Grunneigarlag

Ulvik næringslag/ Turistinformasjon

Ulvik Bustadstifting

Råd for funksjonshemma

Ulvik ungdomsråd

Ulvik Fjellstyre

Finse hytteforening

Ulvik seniorråd



## UTKAST Prosjektplan

### Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Ulvik herad

Dokumenttype: Prosjektplan	Godkjend av:	Gjeld frå: 15.2.2017	Tal sider: 3
Utarbeidd av: Natalia A. Golis	Godkjend dato:	Revidert dato:	Arkivsak:

#### 4. Avgjerd, oppfølging og milepælar

##### HOVUDAKTIVITETANE

Aktivitet	Kommentarar	Ca. start	Ca. slutt	Ansvar
Søknad	Tilskudd HFK (frist 15.02) Evt. søkje skjønnsmidlar	15.02.17	01.04.2017	NG
Oppstart	Oppstarts dokument og orientering/ vedtak i Heradstyret 26.03. Oversikt over eksisterende informasjon, samarbeidspartnere, metode. Felles møte med Granvin med BOF. Framlegg til modell for kartlegging. Invitasjon ut til samarbeidspartnere	01.03.2017	31.06.2017	NG, samarbeid med Granvin. Arb.gr. starter opp.
Kartlegging	Møteaktivitet/ workshops. Medverknad og organisering av informasjon	01.09.2017	31.10.2017	Arb.gr. og samarbeidspartnare
Verdsetting	Møteaktivitet. Nye medverknad/ ope møter om naudsynt	01.11.2017	30.11.2017	Arb.gr.
Digitalisering	Kommunikasjon og oversendingar til BOF	01.12.2017	01.03.2018	Arb.gr./ BOF
Avslutte	Rapportering, korrektur, presentasjon for HST	01.01.2018	01.03.2018	Arb.gr./ NG